

RADAR

NR.3 — 2024 · 40. ÅRGANG · KYRKJEBLAD FOR RADØY SOKN



s 3

**Helle Leivestad Kartveit
– ny trusoplærer**

s 16

**Jon Askeland – om
Verdiåret, festgudsteneste**

s 4

Konfirmantjubilantar

Namna minnelund på Manger

Av Gunnar Kartveit

Namna minnelund er eit område der ein kan setja ned ei urne, samstundes som det vert plassert eit namneskilt på eit felles minnesmerke. Sjølve staden der urna vert sett ned, vert ikkje nøyaktig markert, men vil vera i nærleiken av minnesmerket.

Det er gravplassforvaltninga som har ansvar for stell av ein namna minnelund. Difor har ikkje pårørande ansvar for å stella grava slik som elles. Men det går an å koma til staden med blomar og lys og minnst dei som er gått bort – akkurat som ved ei anna grav.

Namna minnelund på Manger vert etablert i ytterkanten av gravplassen, nær reiskapshuset, i hjørnet mot Rema 1000. Minnelunden er tenkt som ein skjerna stad, avgrensa av høveleg vegetasjon og tett på det opne kulturlandskapet. Der vil vera benkar som gjev dei som sit der, god kontakt med minnesmerka, med urneområdet og med kyrkja.

Alver kyrkjelege fellestråd arbeider også med planar om Namna minnelund i Knarvik. Etter planen vil arbeidet i Knarvik ta til i år, og med naudsynte midlar frå kommunen vil arbeidet på Manger ta til neste år.

Smedsvig Landskapsarkitekter har fått oppdraget med å teikna og planleggja dei to minnelundane i Alver. Det arbeidet utfører dei i nært samarbeid med Kyrkjeleg fellestråd, og er opptekne av at utforminga tek omsyn til eksisterande vegetasjon, materialbruk og tradisjon.


På Manger vil minnesmerka vera tre høgreste natursteinar og benkar av tre. Det skal nyttast lokal stein – kanskje nokon kjenner til steinar som kan vera aktuelle? I så fall – meld ifrå til kyrkjekontoret.

Plassen vert utstyrt med dempa lys slik at ein kan vitja staden på kvelds- og vinterstid.

Dei som vel denne ordninga, betaler ei avgift som dekkar kostnadane. Men ein slepp utgiftene til gravstein, og ein har ikkje ansvar for tilsyn og stell. Difor er det ei ordning som høver godt for dei som ikkje kan eller ønskjer å ta ansvar for gravstell. Men ordninga vil vera der for alle.



Dagleg leiar Grethe Lunde, landskapsarkitekt Marte Nordvang (Smedsvig Landskapsarkitekter AS) og driftsleiar John Henanger på området der minnelunden kjem.



Skisse som viser Manger namna minnelund.

Helle er ny trusopplærer

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

– Eg har jobba med barn og unge i godt over 20 år og gler meg til å ta fatt på dei spennande oppgåvene her på Radøy.

Det seier Helle Leivestad Kartveit (48), som er tilsett som ny trusopplærer i Radøy sokn. Ho overtek dermed jobben som Wilco Vogelaar forlét tidlegare i år.

I omtrent heile sitt yrkesaktive liv har Helle arbeidd med det ho brenn mest for, nemleg barn og unge. Det er 22 år sidan ho vart tilsett i Det Norsk Misjonsselskap, der ho var delaktig med å etablere og byggje opp barne- og ungdomsorganisasjonen, som går under forkortinga NMSU.

Siste arbeidsstasjonen før Radøy var Osterøy, der ho jobba 50 prosent som konfirmantlærer samstundes som ho framleis hadde tilsvarande stillingsprosent i NMSU.

– No avviklar eg engasjementet mitt i NMSU og blir 100 prosent trusopplærer i Radøy sokn.

Opptatt av leiartrening

– Kva gler du deg mest til?

– Eg ser fram til å bli kjent med barn og unge her på øya. Ei viktig oppgåve blir naturlegvis konfirmantundervisning og det å leggje til rette for positive aktivitetar og opplevingar for flest moglege, i godt og tett samarbeid med prestar og diakon.

Helle nemner også leiartrening som eit tema ho er opptatt av.

– Det å gje oppgåver etter evne og involvere ungdomar frå 10. klasse og oppover, har eg stor tru på. Forsking viser at dersom du blir involvert og får ei oppgåve, så føler du samkjensle og lojalitet til det aktuelle prosjektet, seier ho. Leiartrening kan med tida bli aktuelt for dei som er yngre også.

3 x Kartveit i kyrkja

48-åringen har kateket-utdanning frå NLA, er oppvaksen på Rolland i Åsane, men har dei siste nær på 20 åra budd på Ikenberget i Alver. Og dersom du ikkje visste det, så er Kartveit-namnet hennar knytt til Kartveit på Radøy. Ho er nemleg gift med Einar Amund, som er son til Gunnar Kartveit, soknerådsleiaren i Radøy sokn. Gudveig Kartveit Sundsbø, som er diakon i soknet, er såleis svigerinna hennar.

– Eit fint utgangspunkt for samarbeid, seier Helle med eit smil om munnen.

– Du har sagt at du er særst glad i å arrangere leirar. Kvifor?

– Leiropphald er eit godt verktøy i trusopplæringa. Alt det sosiale er med på å forsterke samkjensla og sjølv læringa.



NY JOBB: – Eg gler meg veldig til relasjonsbygging med barn og unge her på Radøy, seier nytilsett trusopplærer Helle Leivestad Kartveit.

Ein ting er å undervise med ord, men det å vere saman i lag, gir ei heilt anna type undervisning. Då kan ein vise at her er det eit godt fellesskap, her tek vi vare på kvarandre, her har vi det gøy, og vi kan be sammen! Og synge saman – og lære!

Helle har som NMSU-tilsett arrangert ei mengd leirar rundt omkring på Vestlandet opp gjennom åra – også for born på Radøy.

Kor og puslespel

Sin aller første jobb hadde trebarnsmora her på Radøy medan ho studerte interkulturell forståing ved NLA.

– I starten på 2000-talet var eg ei kort tid vikar for Kjell prest som konfirmantlærer. Og før det var eg saman med Mette Hjelmeland om å drive Radøy Gospelkor, mimrar ho.

Korsong har forresten alltid vore ein stor del av livet til den nye trusopplæraren på Radøy. Ho syng i eit damekor i Åsane og er dirigent for barnekora Sing Singeling og Sing Out i Alversund.

– Får du tid til hobbyar?

– Eg likar godt å segle om sommaren, og så er eg hekta på puslespel. Som styremedlem i Norsk Puslespillforbund var eg med å arrangere NM i Stjørdal før sommaren, og i september er eg deltakar på VM i Spania, seier den driftige dama.





Konfirmantjubiläum, 60-års-konfirmantar 9.6.2024

Frå v.: Sigmund Steinar Erstad, Møyfrid Helga Øksnes (Straume), Audun Olav Mjøs, Elin Dagny Valdersnes (Kjeset), Leif Gunnar Taule, Vigdis Haukeland, Robert Mjøs, Kirsten Hagesæter (Kalnes), Olav Gunnar Villanger, Marit Liv Rydland (Hella), Kåre Villanger, Berit Johanna Dale Øgaard og Sigrunn Helen Floen (Marås),



Konfirmantjubiläum, 50-års-konfirmantar 9.6.2024

Første rekkje frå v.: Bjørg Lillian Manger Okan, , Anne Kari Sylta, Anita Aune (Morken), Magnar Taule, Bjørg Orlaug Hole (Mellingen), Jenny Kristine Hole, Astrid Marit Myrtveit Storheim, Elin Nøttveit (Håland) og Bjørg Skiftesvik (Tveiten).

Andre rekkje frå v.: Else Fauskanger, Aud Norunn Sture, Elisabeth Storheim, Norunn Kolstad, Kari Lauvli (Hellesø), May-Britt Austrheim, Margunn Sighild Mellingen, Rita Mari Johansen (Helland), Aina Lunde (Ulvatn), Hildbjørg Norunn Helle og Kjersti Bruvik (Mellingen).

Tredje rekkje frå v.: Odd Helge Hagen, Arnhild Tvete (Haugland), Kjell Idar Vangberg, May Britt Birkeland, Tor Anders Klimek (Pedersen), Roald Dāvøy, Geir Ove Hella, Jarle Skjelvik, Magne Kjell Straume, Bengt Skråmestø og Bjørn Rune Martinsen.

Frå kyrkjebenken

« Å bygge fellesskap på ein stille måte»

Foto. Turid S. Tvedt

– *Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden*

Eg er fødd og oppvaksen på Myking. Så i denne kyrkja er eg både døypt, konfirmert og vigd.

Eg begynte i Myking barnekor då eg gjekk i 4.klasse og var med til eg hadde gått eit halvt år på ungdomsskulen. Me flytta som familie tilbake til Myking i 1990. Då var det naturleg for oss å vera aktive i kyrkjelyden. For tida er eg med i Kyrkjelydsutvalet.

– *Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden vår?*

Det er ikkje så stor forsamling, men veldig gode folk. Eg trur det er lurt å ikkje hengja seg opp i at ein er få, men kunna ha det godt saman. Kjenner på mykje omsorg frå folk, og det har blitt endå meir av det etter at fleire av oss møttest på Fellesskapskveld annankvar måndag i sakristiet.

Det er også fint at me har begynt å tenkja at me er eitt sokn og at det difor kjem folk frå Lindås og Hundvin på gudsteneste her. Så sjølv om det er sjeldan gudsteneste her på Myking, kan me gå i dei andre kyrkjene elles. Og så har me Ole Marton då. Han er ein inkluderande og fin prest som me er veldig glade i.

– *Korleis vil du skildra kyrkja?*

Før tenkte eg ofte at det var litt kjedeleg i kyrkja med så mykje liturgi. At det var for lite fritt og spontant. Med tida likar eg det betre og betre. I ei verd der alt er i endring er det godt at noko står fast til evig tid. Eg håpar og trur at det av den grunn også kan vera lettare for folk å stikka innom når ein veit kva som kjem. Og så likar eg godt å syngja i kyrkja vår som har så god akustikk. Herleg å ta litt i under salmesongen.

– *Kva salme syng du gjerne for tida?*

Eg veit ikkje kor mykje eg har sunge i det siste, men eg kjem stadig tilbake til «Blott en dag» Det å ta ein dag om gongen og at Gud er med oss alle dagar og alle slags dagar. Og som



Bustad: Namn: Anita Gjerde Økland

Alder: 58 år

Bustad: Myking

Yrke: Vernepleiar i Alver kommune

dagen er skal styrken vera. Dette er det godt å leva i.

– *Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?*

God stemning, god mat og drikke(dette er me gode på på Myking) Og ikkje minst god prat, få helsa på nokon du ikkje kjenner eller ikkje har sett på lenge. Gje, og få gode klemmar.

Knarvik Blomsterstove 
Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

 **NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ** Ditt lokale gravferdsbyrå
ALLTID HER FOR **deg**
DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70
Kyrkjevegen 1 Alversund Havnevegen 31 Frekhaug Elvavegen 1 Dalekvam

VATNE 
begravelsesbyrå **DAHLS**
Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø
vatne-byra.no



Hurra for Kristenretten!

Tekst: Kjersti Toppe · Foto: Helge Nelson

Statsråd Kjersti Toppe frå Toppe i Åsane er regjeringa sin barne- og familieminister, men òg minister for tru og livssyn. Ved den store markeringa av Hamre som kyrkjestad gjennom 1000 år, deltok ho m.a. som tekstlesar i festgudstenesta i Hamre kyrkje.

Ho har også skrive desse personlege tankane rundt Kristenretten, eksklusivt for kyrkjeblada våre i Nordhordland.

Nyttårsaftan i fjor var vi på ei familiehytte i Stordalen. Då klokka hadde bikka midnatt, ønska eg alle godt nytt år. Så spurte eg ungdommane om dei visste kva som var det viktigaste i 2024. Nei, det visste dei ikkje. Då er det 1000 år sidan innføring av Kristenretten, svara eg med eit smil. Eg er absolutt ingen historikar. Men eg meiner at vi alle må kjenne til vår eiga historie, og spesielt det som skjedde på Moster i 1024.

Det som hende på Moster for 1000 år sidan har hatt stor verknad for Norge. Det har hatt stor verknad for nasjonsbygginga, for vår demokratiske utvikling og for utvikling av den norske kyrkja. Med innføring av kristenretten gjekk Noreg frå å vere eit maktsamfunn, til eit rettssamfunn. Viktige prinsipp blei innført om at noko faktisk er rett eller gale, uavhengig av maktposisjonen din i samfunnet. Alle menneske har like stor verdi. Kvinner og barn fekk betre rettar. Det vart slutt på ordninga med å bere ut vanskapte spedbarn i skogen for å la dei dø.

Kristenretten var ei radikal omvelting i 1024. Den blei også starten på ei storstilt kyrkjebygging over heile landet. Kyrkjene som blei bygd, skulle vere for alle. Ein starta også å gravlegge alle menneske side om side på kyrkjegarden. Tusen år etter – i 2024 – set Regjeringa i gang med eit nytt kyrkjebevaringsprogram. Det skjer etter delinga av Opplysningsvesenets fond, og etablering av eit eige kyrkjebevaringsfond. Staten planlegg å bruke om lag 10 mrd. kroner dei neste 20-30 åra til å hjelpe kommunane med å restaurere om lag 1000 kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg over heile landet. Det blir bra!

Hendinga på Moster i 1024 var ikkje berre starten på

innføring av kristenretten, det var og nedsetjinga av kva verdiar som gjaldt på den tida. Det markerte byringa på ei ny tid, med auka menneskelege omsyn og rettsvern for individet. Reglane omhandla ulike aspekt ved kyrkjehald. Dei sa at barn skulle døypast, ekteskap skulle vere monogame, gravferd skulle skje i vigsla jord og det blei innført høgtidsdagar og søndagen skulle haldast heilag. Tenk på det, at søndagen har overlevd i tusen år som ein ansleisdag. Ein kviledag som skal haldast heilag. Håpar verkeleg at det vil vare i 1000 år til!

Overskrifta på jubileet på Moster i juni var «å feire fortid, forme framtid». Jubileet var eit fint høve til å reflektere over det viktige som skjedde for tusen år sidan. Samtidig blei vi utfordra på å sjå framover. Kva verdiar skal vi byggje samfunnet vårt på i framtida?

Eg tenkjer at menneskelege omsyn, menneskeverdet og svake grupper sine rettar er viktige verdiar å kjempe for også i dag. Menneskeverdet blir stadig sett på prøve, både ved livets start og ved livets slutt. Likeverd og fellesskap er viktige verdiar å hegne om i eit samfunn der utanforskap og aukande ungdomskriminalitet er ei stor samfunnsutfordring.

I ei urolig verd med aukande utrygghet, er det ekstra viktig



Statsråd Kjersti Toppe var tekstlesar ved den store jubileumsgudstenesta for Hamre som kyrkjestad i 1000 år. Ved altaret: prost i Åsane, Leif Endre Grutle.

| | | |
|---|--|---|
|  | EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE |  |
| | Torvusmyrane 6 Nordhordland Næringspark 5913 Eikangervåg | |
| Tlf: 56 34 24 30 E-post: post@helland-elektro.no www.helland-elektro.no Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA | | |

å vite kor vi kjem frå, og reflektere over kva verdiar som bør forme vårt samfunn. Kva kan vi lære av dei som har levd før oss, og det dei gjorde av djerve grep for å sikre eit samfunn med sterke fellesskap, med demokrati og rettstryggleik for individet. Spesielt må vi lytte til kva verdiar ungdommen i dag meiner er viktige i vårt moderne samfunn med meir mangfald.

I 2024 og i åra framover vil det vere fleire jubileum som markerer Noregs historie og kultur. Før jubileumshelga på Moster i juni, var det jubileum for kyrkjestaden på Hamre. Hamre blei for 1000 år sidan utpeika av kongen

til å vere kyrkjestaden for området frå Fanafjorden og til Sognefjorden. Ikkje så vanskeleg å forstå, vil dei sjølv sagt seie på Osterøy. I slutten av august er det jubileumsfeiring for Gulatinget i høve Nasjonaljubileet Norge i tusen år og Landslovjubileet 750 år.

For oss som likar 1000-års feiringar med historisk sus, kan vi no gle oss til 2030. Då er året kome for det store Nasjonaljubileet. Då er det 1000 år sidan slaget på Stiklestad - nok ei viktig og symbolsterk hending for riksdanninga og kristninga av heile Noreg.

Hamre – 1000 år som kyrkjestad

Tekst og foto: Øystein Skauge

Det gjev grunn til djup ettertanke at vi dette året kan kjenne at våre historiske røtter i bygdene i Nordhordland og Alver har funne næring i kristen og kyrkjeleg jord så lenge. Jubileumsåret 2024 har hatt mykje fokus på Kristenretten på Moster frå 1024, og på Magnus Lagabøte si landslov frå 1274.

Men feiringa av Hamre som kyrkjestad gjennom 1000 år har også ein stor plass mellom oss frå Nordhordland.

Hamre kyrkje, slik den står i dag, er frå 1622. Men lenge før stod det kyrkje der i bygda.

Kristoffer Foldøy har skrivne ein nettartikkel (<https://hamre1000.no/historie>) om historia for kyrkjestaden Hamre. I artikkelen tek han oss med tilbake til året 1024 då kong Olav Haraldsson (Olav den heilage) «-bestemte at Hamre skulle vera kyrkjestad for hovudkyrkja i Nordhordland. For han hadde segla forbi og sett den gamle møteplassen i fjordsystemet, som var samlingspunkt også lenge før den første kyrkja vart reist. For alt vi veit la han til land her også.

Ferda hans vidare gjekk gjennom Hagelsundet nordover langs hovudleia»

Den første kyrkja var ei enkel

stavkyrkje. Seinare, på 1100-talet, kom ei større stavkyrkje som stod der til den noverande kyrkja stod ferdig i 1622.

Alle som går inn i kyrkja i dag, ser at dette er eit historisk smykke, nesten utan sidestykke på våre kantar.

I det store jubileumsåret 2024 var det difor med god grunn at 1000-årsfeiringa av Hamre som kyrkjestad vart markert dagane 23. - 26. mai i år.

Jubileumsgudstenesta var ved biskop Ragnhild Jebsen, saman med prosten i Åsane og lokale prestar frå Osterøy. Regjeringa var representert ved trus- og livssynsminister Kjersti Toppe frå Åsane.

Til jubileet var det mange som kom til Hamre sjøvegen. Nokre med veteranbåtar frå Bergen.

Andre, frå nordsida av fjorden, kom til jubileet på gamlemåten, med robåt. Fleire karar rodde frå Knarvik til Hamre denne vakre søndagen. Slik vart det markert at Hamre kyrkje i mange år var den reelle hovudkyrkja



Hamre kyrkje - eit historisk smykke.

for Nordhordland. I nyare tid låg Hamre, og dei andre sokna på Osterøy, under Nordhordland prosti. Men frå 1.mars 2014 vart Hamre og resten av Osterøy flytta til det som den gongen heitte Arna og Åsane prosti. I dag heiter det Åsane prosti.



NAMN: TONE MARIT ØVRETVEIT DYRKOLBOTN

ALDER: 33

SIVILSTAND: Gift med Anna

BARN: Johan (snart 2), ei jente på veg

JOBB: Spesialprest for barn og unge i Knarvik sokn

– KOM INN!: Flott velkomst då Kyrkjekontaktens utsende banka på hos Tone Marit. Johan (snart 2) har fri frå barnehagen denne dagen.

– Velkommen til småbarnskaos

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

– Berre stig på. Her er litt kaos, men eg trur det skal gå bra, seier ei smilande Tone Marit når ho opnar døra – med vesle Johan på armen.

Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn er neste person ut i serien Presten På Privaten. Saman med ektefelle Anna Øvretveit Dyrkolbotn – og deira sjarmtroll Johan på snart to år – bur ho i eit av dei første husa som vart bygd i Knarvik, med ei praktfull utsikt over bygdebyen og fjorden.

– Rett på sak: Kva driv du helst med på privaten?

– Eg trur samlebegrepet «putla på» er dekkande for mykje av det eg likar å halde på med – både ute og inne. For eksempel er det kjekt å rydde i skogkrattet utanfor huset, i garasjen og andre plassar, gjerne med ei god lydbok på øyret.

– Og då høyrer du helst på?

– Litt forskjellig. Nett no er det Sidsel Wolds «Landet som lovet alt», før det var det Frode Grytten si bok «Den dagen

Nils Vik døde». Det er avslappende og effektivt å gjøre flere ting samtidig.

God på planlegging

– Du liker å ha struktur på kvardagen?

– Ja, eg synest det er viktig og kjekt å lage gode planar og halde på med ulike prosjekt. Vi liker å halda på med ting, vera i aktivitet. Eg er nok litt utålmodig av meg, men vi er gode på samarbeid og utfyller kvarandre godt, Anna og eg, og så er me glade i kalenderar, smiler ho.

– Er du så strukturert at de handlar inn matvarer for ei veke om gongen også?

– Ja, det prøver vi faktisk på. Det skilir litt ut no og då sjølvst, men ved hjelp av appen «Sulten» er det både enkelt og smart å foreta planlagte innkjøp – så vi får det til innimellom.

– Kva gjer du når du skal kople heilt av?

– Eg verdset høgt å vere ilag med familie og vener, ta ein kopp kaffe og la praten gå. Både Anna og eg liker å invitere folk heim til oss, nettopp for å dyrke denne forma for avkopling.

Spelar poker kvar månad

Og så avslører Tone Marit at ho spelar poker!

– Vi er ein veninnegjeng heilt tilbake frå vidaregåande som samlast til pokerkveld heime hjå kvarandre ein gong i månaden. Det har vi gjort i mange år. Men la det vere sagt med ein gong: Vi spelar ikkje om pengar, kun med sjetongar! Den som vinn, får ein liten premie av den som er vertinna den aktuelle kvelden.

– Kvifor poker av alle ting?

– Det vart berre slik den gongen, kanskje var det konkurransen og spenninga – og at det var litt artig? Men hadde nokon sett oss spele, ville dei nok sagt at seansen inneheld mest prating. Nesten alle har mindreårige barn, så samtaleemnet seier seg sjølv, seier ein lattermild Tone Marit.

Namnet på pokerlauget er forresten Bergen og Nordhordland Pokerlaug, sidan nokre bur i Bergen og tre her i Nordhordland.

Politikaren Tone Marit

– Andre ting som opptar deg på fritida?



FLOTT UTSIKT: Frå eit av dei store vindauga i stova kan Tone Marit nyte den storslåtte utsikta over deler av Knarvik og fjorden.

– Egerinnvald i kommunestyret for Ap og sit i levekårsutvalet. Det er skikkeleg kjekt å lære meir om kommunen på den måten og forhåpentleg få vere med å forme litt av framtida. Nett no er det store saker på dagsorden, med mellom anna barnehage- og skulebruksplan. Store og viktige saker som eg handsamar med stor respekt.

– Kor mykje tid tek politikken?

– Eg har rekna litt på det. Tidsmessig blir det i snitt som å gå på fotballtrening ein gong i veka. Møta i kommunestyret og levekårsutvalet er på dagtid, men både prosten og Bjørgvin bispedøme har lagt til rette for at det ikkje kolliderer med jobben min. Dei synest det er bra at eg engasjerer meg i lokalpolitikken.

På fritida elles er hytta i Dyrkolbotn brukt hyppig av familien – når tid og anledning byr seg.

– Blåbærsesongen rundt hytta har vore veldig god i år, så det har vi nytta oss godt av.

Familieauke i desember

Foreldra til Anna bur vegg i vegg i same bygget som den vesle familien i Kvernhusaugane, Tone Marit si bestemor i leilighet i kjellaren, og Tone Marit sine foreldre og brør bur i Austrheim. Nærleiken til familien er til stor glede for den vesle familien på tre – som snart skal bli til fire. Anna skal nemleg føde deira andre barn i desember.

– Vi gler oss stort. Og Johan gler seg til å bli storbror!

Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver

Vi utfører:

- Bolig og industri • Alarm
- Billadere • Adgangskontroll
- Tele/data-nettverk • Automatisering • Godkjent for kontroll av el. anlegg

Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda
Tlf: 56 38 50 00 / www.torsvik.no / post@torsvik.no
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG



Bygg Team
VEST AS



Alt innan tømmerfaget!

Foreininga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter

Tekst og foto: Torbjørn Sæle

Tysdag 28. mai 2024 vart foreininga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter skipa med utsendingar frå alle kyrkjesokna i Nordhordland til stades i fjellkyrkja i Masfjorden. I praksis held drifta fram som før, og nye og gamle brukarar vert oppmoda til å nytta og støtta fjellkyrkja.

Masfjorden sokn er framleis eigar av fjellkyrkja, medan drifta vert leia av foreininga sitt styre med Anne Kristin Rafoss som vald leiar. Fjellkyrkja har ingen tilsette og vert drifta på dugnad. Foreininga søker registrering i Brønnøysundregistra for å få eige organisasjonsnummer. Styret har i fleire år leia arbeidet fram mot skipinga av foreininga, og eit godt og grundig arbeid leia an av Knut Fredrik Sørheim, har no resultert i organisasjonsforma foreining.

Fjellkyrkja har sidan vigslinga i 1987 vore nytta til gudstenester, leiar og andre samlingar som stabsturar, sommaravslutningar, styremøte, konfirmasjonsfestar, bursdagar, jubileum og filminnspeling m.m. Den siste tida har også fleire oppdaga Fjon som ein god plass å samla storfamilien eller nokre venefamiliar i lag. For bruk i helgene kan det vera lurt å bestilla i god tid.

Du kan vera med å støtta Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter ved å

- bruka fjellkyrkja
- tipsa andre om å bruka fjellkyrkja
- delta på dugnad, olsokfeiring og andre arrangement
- be for arbeidet, staden og styret
- ha ei innsamling, gje ei gåve, Grasrotandel eller verta fast gjevar

Kontonummeret til Fjon fjellkyrkje er 3635.50.14732.

Oppussing av dusjar

I juni 2024 vert det starta med ei etterlengta oppgradering av dusj- og garderobeanlegga i kjellaren med mål om å få



på plass nye, separate dusjrom. Dette er kostbart arbeid i fleire byggjetrinn og fjellkyrkja er svært takksam alle gåver frå kyrkjelyder, enkeltpersonar, lag og næringsliv.

Dugnad

Det er stadig behov for dugnad, vask, maling og vedlikehald, både ute inne. Nokre dagar/helger samlast fleire for større dugnadsarbeid. Ta kontakt med Arve Husa, mobil 48 09 57 30 om du kan ha høve til å ta i eit tak.

Informasjon og vedtekter

Meir om fjellkyrkja, bookingkalender m.m. finn de på nettsida www.fjonfjellkyrkje.no

Følg gjerne også «Fjon fjellkyrkje» på Facebook.



KULTURKALENDER

24. september

Knarvik kyrkje kl. 19.30

Salmekveld med Alversund kammerkor.

30. september

Knarvik kyrkje kl. 18

Markusevangeliet minutt for minutt.

1. oktober

Tysdagstreff, Sæbø kyrkje kl 19:00

Magnar Kartveit: Gud, pest og plage
Om dei vanskelege Bibeltekstane som kolliderer med synet på ein nådig og kjærleg Gud. Magnar Kartveit er professor i Det gamle testamentet.

3. oktober

Lindås kyrkje kl. 19.00

“Saman i songen”. Songkveld - allsong, intervju, tema, solistar. Arr: Lindås sokneråd

5. oktober

Kyrkjekjellaren i Knarvik kyrkje kl. 19.30

Konsert med Vibeke B. Midttun, Ove I. B. Danielsen, Sølvi Hopland, Stine Karin Sæle m.fl. Arr.: Plateselskapet Gilead. Gratis inngang. Kollekt.

20. oktober

Knarvik kyrkje kl. 18

Jubileumskonsert Knarvik Gospel.

23. oktober

Lindås kyrkje kl. 19.00

Salmekveld. Lindås pensjonistlag og soknepresten

27. oktober

Festgudsteneste, Manger kyrkje kl 12

Fylkesordfører Jon Askeland i samtale om 1000-års-jubiléet for Kristenretten og 750-års-jubiléet for Magnus Lagabøtes landslov.

2. november

Knarvik kyrkje kl. 11-16

NMS misjonsmesse. Kl. 11: Misjonsmøte. Kl. 12: Salsmesse med flotte handarbeid og mat. Kafé, lotteri og barneaktivitetar.

30. november

Knarvik kyrkje 10 år - jubileumslaurdag

Kl. 12-13: Seminar med kunsthistorikar Gunnar Danbolt: Altertavla i Knarvik kyrkje. Kl. 13-15: Basar, kafé, barnekor m.m.

1. desember

Knarvik kyrkje kl. 11

Jubileumsgudsteneste med bursdagsbesøk og kyrkjekaffi.

Neste nummer kjem frå trykkeriet 27. november. Frist for å melde frå om arrangement til kulturkalenderen er 23. oktober.

Ledertur til London

Tekst og foto: Cathrine Grutle

De ulike soknene i Alver har dette året samarbeidet om å lage et lederkurs for fjorårskonfirmantene våre. Det har vært en spennende prosess med mange deltakere.

Det var ikke alle som kunne være med på studietur til London, men i midten av juni reiste fire ferdig utdannede ungdomsledere fra Lindås og Knarvik på tur. Gjennom året som har gått har de hatt undervisningssamlinger flere steder i prostiet, deltatt som ledere på Lys Våken og Tårnagent og samlet inn penger for å reise på studietur. De har fått øve seg som ledere på mange ulike arenaer.

I forkant av reisen ble det lagt opp til et stramt program med mange poster. Vi startet med The Royal Walk som førte oss forbi mange kjente og noen litt ukjente landemerker. Her fikk vi et godt innblikk i engelsk historie.

På ettermiddagen reiste vi til Holy Trinity Brompton for å være med på gudstjeneste der. Denne kirken er en del av den karismatiske fløyen i Church of England. Det var mange som ønsket oss velkommen da vi kom og hjalp oss å finne frem i kirken. Gudstjenesten var preget av mye lovsang, band og sangtekster på skjerm, en god preken og forbønn. Jentene var enige om at denne gudstjenesten var veldig forskjellig fra gudstjenesten her hjemme, men den var slett ikke verst.

Dagen etterpå startet vi på Madame Tussauds museum og vi gikk rundt sammen med stjernene som var samlet der. Denne dagens gudstjeneste var i St. Pauls Cathedral.



De som var med på turen var Maria, Alida, Alexandra og Isabella. Voksenledere var Solveig Westermoen og Cathrine Grutle.

Vi deltok på choral Evensong, med klassisk kirkekor, tekstlesninger og orgelbrus. Denne falt i smak hos alle jentene.

Vi avsluttet dagen med musikalen Les Miserables. En intens fortelling om kjærlighet, menneskeverd, synd, skyld og nåde. Skjebnene til Fontine, Valjean, Javert, Cosette, Eponine, Marius med flere, gjorde inntrykk på oss som satt i salen.

Den siste dagen reiste vi på besøk til Sjømannskirka i London og møtte prest og daglig leder Dag Magnus Hopstock Havgar. Han fortalte om sjømannskirkas opprinnelse, hvordan de jobber konkret i London og viste oss rundt i bygget.


Innimellom alle disse postene var det gode måltider med fine samtaler, kafebesøk, sightseeing og litt shopping. Disse lederne er bra folk som har gjort en god innsats gjennom året i menighetene våre og det var et privilegium å få være med dem på studietur.



Barnas



Fargelegg!



Slik såg Johannes for seg den nye himmel og den nye jord.


Teikning: Kari Sortland

Vitsar

– Kelner!
Fluga i suppa mobbar meg!
– Ja. Det er ei ertesuppe.

– Hunden min har lært seg å snakke!
Det er heilt sant!
– Eg veit det. Bikkja mi fortalde det i går.

Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Finn fem feil

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila i biletet under?



Teikning: Alessandro Coppola og Salvatore Callerami



Av Gudveig Kartveit Sundsbø

Å kjenne igjen lukka

Mange av oss har travle kvardagar, fullt med oppgaver som må gjennomførast. Me høyrer ofte at døgnet burde hatt fleire timar. Og så er det dei av oss som tenkjer at døgnet har så altfor mange timar, og at kvardagane er lange. Me er kanskje gode på å snakke om tida, som om det er noko me kan gjere noko med. Me kan jo ikkje legge til eller trekke frå tid. Me kan berre velgje kva me vil gjere med tida me har.

Trygve Skaug har ein song som heiter Velsignelsen. Ei linje i andre vers er slik:

*Må du kjenne igjen lykka
når den ligger i din hånd.*

Eg trur me av og til treng ei påminning om nettopp det- å kjenne igjen kva som er lukke, midt i kvardagens gjeremål. Eller midt i stormen ein står i. Sjølvstøtt er det ikkje alltid lett. Tunge, krevjande dagar har me òg, nokon meir enn andre. Dette er ikkje for å gje ein lettvtint fasit på å kome seg ut av stormane. Men kanskje det er nettopp dei små lyspunktta som bærer oss gjennom den dagen, ja kanskje lukka i dag ikkje er større enn at den får plass i handa...

Kanskje treng me vere litt meir observante på lukka når ho ligg i vår hand. Kanskje kan den kjappe samtalen på butikken, eller ein ekstra klem til eit av borna gje oss ein bit av lukke. Kanskje me treng minnst på å kjenne etter den vesle kjensla av



Lukka som får plass i handa

lukke, og med det rette takksemd til vår Skapar om påminninga om at Han er med oss, midt i livets hauststormar.

VINDAUGA

I denne spalta opnar me vindauga til menneske i andre delar av verda

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

Michael Lapsley er anglikansk prest og bur i Sør-Afrika. Han er opphavleg frå New Zealand, men flytta til Sør-Afrika under apartheid-tida.

- Det var merkeleg å koma inn i ein offentleg bygning der det var to heisar, éin for kvite og éin for svarte og for varer, men ingen heis for menneske, for «human beings», seier han.

Lapsley var ei tydeleg røyst i anti-apartheid-rørsla. Så - mot slutten av apartheid-tida fekk han eit hefte i posten. Han opna heftet, og inni der låg ei bombe som gjekk av. Bomba slo vertikalt, ikkje horisontalt slik ho var tenkt. Difor overlevde han, men bomba slo hol i taket, og han miste begge hendene og noko av armane, og har sidan hatt metall-proteser.

Lapsley grunnla og er framleis leiar for Institute for Healing of Memories i Cape Town i Sør-Afrika. Organisasjonen driv eit omfattande arbeid både i Sør-Afrika og i andre land, særleg der vald og overgrep har gått ut over mange.

- Det er kort veg mellom å vera offer og bli overgripar, seier



- Det er kort veg mellom å vera offer og bli overgripar, seier Michael Lapsley, leiar for traumesenter.

han.

Både offeret og overgriparen får ein skade, og den må lækjast. Visjonen vår er å skapa håp, endring og fred, og gje styrke til livet vidare. Alle har ei historie som fortener å bli lytta til.

Tysdagstreff denne hausten

Av Gudveig Kartveit Sundsbø

Nokre tysdagar i semesteret er det ei samling i Sæbø kyrkje, open for alle som ønskjer å vera med. Me har eit tema med ein gjest som fortel. Etterpå deler me eit kveldsmåltid saman.

Denne hausten vert det tre Tysdagstreff med tre varierte tema:

1.oktober kjem *Magnar Kartveit* for å fortelje om den nye boka si, *Gud, Pest og plage*.

Boka tar for seg nokre av dei vanskelege tekstane i Bibelen, dei som kolliderer med synet på ein nådig og kjærleg Gud. Ein av tekstane handlar om at Gud gav bod om å utsletta alle innbyggjarane i Jeriko, ein annan om dei mange som drukna i syndfloda. Mange som ønskjer å bruke Bibelen til trøyst og oppbygging, går utanom desse tekstene. Denne boka viser ei anna tilnærming

Forfatter Magnar Kartveit er professor i Det gamle testamentet. I boka gjev han lesaren nøklar til ny innsikt og forståing av verdas viktigste bok.

22.oktober kjem *Ove Danielsen* og *Kari Marie Gurvin Molvik*. Dei har begge opplevd **sorg** tett på. Ove mista



Eit godt kveldsmåltid høyrer med etter eit tema på Tysdagstreffet

far sin tidleg, og har gjennom åra jobba mykje med det tapet. Han har fleire songar knytte til sorg og livet vidare med sorga. Kari Marie, tidlegare diakonimedarbeidar på Radøy, opplevde å miste dottera si i kreft. Ho ønskjer å dele opplevingar om livet etter tapet av dottera, og både ho og Ove er opptekne av å dele håpet om at Gud er med midt i sorga.

Saman vil Ove og Kari Marie, med song og forteljing om eigne erfaringar, gje eit innblikk i sorg som følgjer gjennom livet.

26.november vert siste Tysdagstreff dette året. Då skal me ha **kransbinding**, der me lagar krans til advent eller jul til å ta med heim til pynt.

Vel møtt til kjekke samlingar saman, med påfyll og fellesskap.

Tysdagstreffa er i Sæbø kyrkje, kl 19.00. Set av datoane!

Slekters gang

Radøy

Dåp

23.06.2024 i Manger kyrkje: Jonatan Askeland Nepstad
11.08.2024 i Manger kyrkje: Elias Sundt Vaktstjold
11.08.2024 i Manger kyrkje: Edmund Evensen

Gravferder i Radøy

07.05.2024 i Emigrantkyrkja: Rolf Valdersnes
07.05.2024 i Manger kyrkje: Bjørg Austrheim
14.05.2024 i Hordabø kyrkje: Mildrid Hella
16.05.2024 i Emigrantkyrkja: Gudrun Ystebø
24.05.2024 i Manger kyrkje: Gudmund Kåre Kvalheim
14.06.2024 i Manger kyrkje: Margot Vivian Morken
14.06.2024 i Manger kyrkje: Arne Nordeide
18.06.2024 i Hordabø kyrkje: Reidar Magdalon Opdahl
04.07.2024 i Hordabø kyrkje: Karoline Villanger
12.07.2024 i Hordabø kyrkje: Asbjørg Petra Gundersen Bø
19.07.2024 i Manger kyrkje: Arvid Kåre Lilletveit
26.07.2024 i Manger kyrkje: Solve Borgund
02.08.2024 i Manger kyrkje: Bjarne Morken

Specsavers®

OPTIKER I KNARVIK
-Bestill synsprøve nå!
RING 56 35 14 66



Fiskenet
PART OF EGERSUND GROUP

BYGGER'N

Stevnebø

tlf: 56 34 94 60 e-post: info@stevnebo.byggern.no

Tankestrek

Om nåde og miskunn

Av Grethe Lunde

Alle treng ein ny sjanse. Alle gjer noko gale ein eller annan gong. Alle går det gale for på eit eller anna punkt i livet. Kva skal då til for at ein kan begynna på nytt?

Bibelen fortel at læresveinen Peter lova at han aldri skulle svikta Jesus, rett før Jesus vart teken til fange og dømt til døden. Berre eit halvt døgn seinare sprang han ut i grålysinga og gret sårt. Det han ikkje hadde meint skulle henda, det hende: I løpet av natta hadde han fornektet Jesus tre gongar.

Seinare vart Peter leiart for den kristne kyrkja. Då hadde han møtt den oppstadne Jesus. Men før det, medan han framleis gret bittert, sende Jesus ei påskemorgonhelsing til han: «Men gå av stad og sei til læresveinane hans og til Peter at eg går føre dykk ...» Markus 16.7.

Då Peter ikkje såg vegen vidare, då situasjonen var heilt låst, kom Jesus han i forkjøpet. Han fekk ein ny sjanse, og framtida vart ei anna.

*Men éin ting legg eg meg på hjartet,
og dette gjev meg von.*

Herren er nådig, vi går ikkje til grunne.

Hans miskunn tek ikkje slutt, ho er ny kvar morgon.

Din truskap er stor.

Klagesongane 3.21 – 23



DEN NORSKE KYRKJA

Radar:

Radøy kyrkjekontor Idrettsvegen 1 A, 5936 Manger

Opningstid:

Tysdag – onsdag kl 10.00 – 14.00.

Telefon:

4000 1691

kvar dag kl 10.00 – 14.00.

post.radoy@kyrkja.no www.kyrkja.no/radoy

Facebookside:

radoykyrkjelyd

Kontonummer: 3636 07 04682

Vipps: 24042

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

Alver kyrkjelege fellestråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no

www.kyrkja.no/alver

Kyrkjeverje:

John Fredrik Wallace

jw734@kyrkja.no

Leiart i fellestrådet:

Sølvi Knudsen, sngk@live.no

Soknerådsleiart Radøy:

Gunnar Kartveit

gunnar@kartveit.com

Radar

Utgevar: Soknerådet i Radøy sokn, i samarbeid med Meland sokn, Knarvik sokn, Osterfjorden sokn, Mo sokn og Lindås sokn.

Redaktør: Øystein Skauge

Lokal redaksjon: Gunnar Kartveit og Håkon Glatved-Prahl.

Grafisk design: Simen Søvik Trykk: Aksell

Framsidedelete: Foto og idé: Håkon Glatved-Prahl



Helge Taranrød

Prost

415 28 318



John Fredrik Wallace

Kyrkjeverje

482 84 872



Kjell Johan Sekkingstad

Sokneprest

951 41 360



Grethe Lunde

Dagleg leiart Radøy og Lindås

906 13 452



Gudveig Kartveit Sundsbø

Diakon

938 40 587



J. William Kay

Organist I/Rådgjevar

915 91 482



Ørjan Abrahamsen

Fagarbeidar

951 67 539



Bjørn Dalsgård Nygård

Prestevikar

412 59 586



Gyda Matland

Administrasjonssekretær

400 01 691



Torstein Skjelvik

Fagarbeidar/kyrkjetenar

988 34 468



Helle Leivestad Kartveit

Trusopplærar

404 06 050



Håkon Glatved-Prahl

Kyrkjetenar

900 89 450

GUDSTENESTE- KALENDER

01.09.2024 kl. 11:00

Sæbø kyrkje
15. søndag i
treeiningstida

08.09.2024 kl. 11:00

Manger kyrkje
16. søndag i
treeiningstida

15.09.2024 kl. 11:00

Hordabø kyrkje
17. søndag i
treeiningstida

22.09.2024 kl. 11:00

Manger kyrkje
18. søndag i
treeiningstida

29.09.2024 kl. 11:00

Sæbø kyrkje
Mikkelsmesse

06.10.2024 kl. 11:00

Manger kyrkje
20. søndag i
treeiningstida

13.10.2024 kl. 11:00

Hordabø kyrkje
21. søndag i
treeiningstida

20.10.2024 kl. 11:00

Sæbø kyrkje
22. søndag i
treeiningstida

27.10.2024 kl. 12:00 (NB)

Manger kyrkje
Bots- og bededag -
festgudsteneste.
Fylkesordf Jon Askeland
deltek

03.11.2024 kl. 19:00

Manger kyrkje
Helgemessesundag -
minnegudsteneste.

10.11.2024 kl. 11:00

Hordabø kyrkje
25. søndag i
treeiningstida

17.11.2024 kl. 11:00

Manger kyrkje
26. søndag i
treeiningstida

24.11.2024 kl. 11:00

Sæbø kyrkje
Siste søndag i kyrkjeåret

01.12.2024 kl. 11:00

Manger kyrkje
1. søndag i adventstida

DET SKJER:

DET SKJER:

Babysong, Rasteplassen.

Kvar tysdag kl 11:00-13.00,

For born, foreldre og besteforeldre.

Andakt, i Storstova, Velferdssenteret

Annankvar tysdag kl 11.00.

For Velferdssenteret,

omsorgsbustadane og Dagstova.

Språkkafè, Radøytunet mottakssenter

Onsdagar kl 12 11.00.

Kontakt Gudveig Kartveit Sundsbø,
93840587 om du vil vere frivillig/ hjelpe
til.

Kvardagsmiddag for alle,

Rasteplassen. Annankvar onsdag,

partalsveker, kl 16.30

20 kr pr person

Påmelding: 93840587

Manger Barnekor, Rasteplassen

4 år-3.klasse

Annakvar onsdag, oddetalsveker, kl

17.00-17.45

Radøy damekor, Rasteplassen

Øving kvar torsdag kl 19:00.

Manger kyrkjeforening

Rasteplassen.

Vanlegvis andre måndagen i månaden

kl 15:30

Utstilling, kristne symbol,

Rasteplassen.

Utstilling av ulike dekorasjonar/symbol,

m.a.

Julekrybber frå mange land.

For meir info:

Sjå kyrkja.no/radøy

FESTGUDSTENESTE

Ein gong i halvåret er det festgudsteneste kl 12 i Manger kyrkje.

27. oktober er det festgudsteneste der fylkesordførar Jon Askeland deltek i samtale om Verdiåret – 1000-års-jubileet for Kristenretten og 750-års-jubileet for Magnus Lagabøtes landslov.

Kva har jubilea å seia for samfunnet vårt i dag? Kva verdiar hentar me derifrå, og kva vil me ta vare på?

Barnekoret deltek, og det blir god mat etter gudstenesta.



Sæbø kyrkje



Manger kyrkje



Emigrantkyrkja



Hordabø kyrkje